




Finansdepartementet  
Postboks 8008 Dep.  
0030 OSLO

Rådmannen  
Tlf.nr.: 56524000  
Fax.nr.: 56524001




Dykkar ref.:      Vår ref.: 2004000355-2      Arkivkode: 200 &13      Dato: 23.09.04

### Uttale NOU2004:12 Bedre skatteoppkreving

Høyringsuttale om NOU2004:12 Bedre skatteoppkreving vart behandla som sak 048/04 den 21.09.2004 i Granvin heradsstyre.

Vedlagt fylgjer utskrift av møtebok for denne saka.

Med helsing

*for* 

Steinar Sogaard  
rådmann

Direkte innval: 56 52 40 12

**Granvin herad**  
**Sakspapir**

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>	<b>Sbh</b>
Heradsstyre	21.09.04	048/04	STS

<b>Sakshandsamar:</b> Steinar Søgaard	<b>Arkivkode:</b> 200 &13 <b>Objektkode:</b>	<b>Arkivsaknr:</b> 2004000355
--	---	----------------------------------

**Uttale NOU2004:12 Bedre skattoppkreving**

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	18.06.04	Det Kongelige finansdepartement	Høyring om skatteoppkrevjarutvalet si utgreiing - NOU 2004:12 Betre skatteoppkreving
2	I	02.07.04	KS	Høyring på skatteoppkrevjarutvalet si utgreiing - Framleis kommunal skatteinnkreving - ikkje statleggjering

**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Granvin herad meiner at skatteinnfordring fortsatt må vera ei kommunal oppgåve. Erfaringane med kommunal skatteinnfordring er gode, kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er god, og forbetringar av systemet kan gjennomførast innanfor ramma av kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga.

**21.09.2004 Heradsstyre**

**HS-048/04 VEDTAK:**

Samrøystes likt med tilrådinga.

---

**FAKTA:**

I Noreg er det dei kommunale skatteoppkrevjarane som krev inn skatt på vegne av stat, fylkeskommune, kommune og folketrygda. I 2004 omfattar fellesinnkrevjinga snautt 400 milliardar, fordelt med ¼ til kommune og fylkeskommune og ¾ til stat og folketrygd.

Stortinget har ved fleire høve handsama problemstillingar knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen. Seinast ved Skatteoppkreverutvaget av 2003, med mandat å vurdere og gje framlegg til tiltak som kan gje resultatforbetringar av skatteoppkrevjarfunksjonen. Utvalet si tilråding ligg no føre i NOU 2004:12 Bedre skatteoppkreving.

Utvalet er samstemt når det gjeld vurderingar og framlegg som gjeld funksjonelle forbetringstiltak, så som hyppigare rapportering og betaling av forskotstrekk og arbeidsgjevaravgift, innføring av gebyr ved misleghald og tilgang til ulike elektroniske register. Når det gjeld strukturelle tiltak deler utvalet seg i eit fleirtal på fem og eit mindretal på to medlemmer. Fleirtalet går inn for ei statleg organisering fordi skatteoppkreving er ein funksjon som ikkje har behov for lokal tilpassing eller lokalt skjøn. Fleirtalet argumenterer vidare med at:

- ✓ Statleggjering vil kunna gje betre ressursutnytting
- ✓ Skatteinnkrevjing påverkar ikkje det lokale sjølvstyret
- ✓ Omstillingskostnadene vil verta små

Mindretalet meiner oppkrevjinga framleis bør vera lokal fordi resultatene er gode, mellom 99 og 100% av skatten vert driven inn. Små og store kommunar er like gode. Vidare hevdar mindretalet at:

- ✓ Kommunale skattekontor gir god service
- ✓ Kommunale skattekontor gir god rettstryggleik ved at likning og innkrevjing forblir skilt
- ✓ Kommunal innkrevjing er effektiv og opprettheld det kommunale økonomiske sjølvstyret

Heradet er høringsinstans for utgreiinga og har frist til 1.10.2004 å gje uttale. Det er ikkje sendt ut vedlegg til saka, dei som vil sjå nærare på utgreiinga finn denne på [www.finans.dep.no](http://www.finans.dep.no), under Aktuelt – Høringar. Eg legg til grunn at saka kan avgjerast i formannskapet.

## **VURDERING:**

Bakgrunnen for å fremja denne saka er fleirtalet i utvalet sitt framlegg om statleggjering av skatteoppkrevinga. Eg går ikkje inn på funksjonelle forbetringstiltak, der også utvalsmedlemmene er samstemte. Rådmannen meiner at heradet bør støtta fortsatt kommunal innkrevjing. I tillegg til argumentasjonen over vil lokale arbeidsplassar vera eit poeng.

### **Rett utskrift**

**Dato:** 23 SEPT. 2004

**Kopi til:**

R.B. Gasøy

Finansdepartementet